



Rutinar ved spesialpedagogisk hjelp for vaksne i Time kommune

Vaksne som har rett til grunnskuleopplæring etter oppl. §4A-1 kan ha rett til spesialundervisning etter oppl. §4A-2.

§ 4A-2.Rett til spesialundervisning på grunnskolens område

Vaksne som ikke har eller som ikke kan få tilfredsstillende utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring.

For opplæring etter denne paragraf gjeld § 5-1 andre ledd bortsett frå siste punktum, og §§ 5-3, 5-4, 5-5 og 5-6 tilsvarande.

§4A-2 inneheld to alternative grunnlag for rett til spesialundervisning for vaksne:

- **første ledd** fastslår at vaksne som ikke har, eller som ikke kan få eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, har rett til spesialundervisning.
- **andre ledd** fastslår at vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikla eller halda ved like grunnleggjande ferdigheter, har rett til slik opplæring.

Det går fram av oppl. § 4A-2 tredje ledd at følgjande regler i oppl. kapittel 5 også gjeld spesialundervisning for vaksne:

- § 5-1 andre ledd første og andre punktum: opplæringstilbodet skal leggja vekt på utviklingsutsiktene til deltakaren og vera slik at den vaksne får eit forsvarleg utbytte av opplæringa
- § 5-3: krav om sakkunnig vurdering
- § 5-4: krav om samarbeid med den vaksne
- § 5-5: krav om IOP og årleg rapport
- § 5-6: krav om at PP-tenesta jobbar både individretta og systemretta

Rutinar ved spesialpedagogisk hjelp på grunnskulen sitt område etter §4A2- første ledd

§4A-2- første ledd

Vaksne som ikke har eller som ikke kan få tilfredsstillende utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning.

1. Vurdering av behov.

Lærarar i skulen skal vurdera om ein deltakar treng spesialundervisning, og mælda frå til rektor når slike behov er tilstades. (Opplæringslova § 4A-2). Skulen gjennomfører kommunen sin rutine med bruk av pedagogisk analyse for å sjå om deltakaren kan få betre utbytte av opplæringa gjennom ulike tilpassingar/kartleggingar. Rektor har ansvar for at det vert sett i gang undersøkingar om læringsutbytte.

Ansvar: rektor/ lærar

WWW.TIME.KOMMUNE.NO



2. Rett til å søkja.

Bryne kompetansesenter kontaktar PPT dersom dei har saker dei ønskjer å drøfta og som ein vurderer å tilvisa til PPT. ved eventuelle behov for spesialundervising etter § 5 -1 andre ledd, og kva for deltararar som kan få tilrettelagt/tilpassa opplæring innanfor det ordinære opplæringstilbodet.

Ansvar: PPT verksemdleiar saman med rektor

Det er viktig å presisera at deltakaren har **rett til å krevje** at det vert gjort nødvendige undersøkingar for å finna ut om det er behov for spesialundervisning sjølv om deltakaren ikkje har vore drøfta med PPT eller er blitt vurdert til å ha behov for spesialundervisning av Bryne kompetansesenter (jmf § 5 -4 første ledd)

Deltakaren må gje samtykke til tilvising, eller dei kan ta kontakt med PPT direkte.

Ansvar: PPT /rektor /spesialpedagog

3. Godkjenning frå deltarar.

Før det blir gjort sakkunnig vurdering, og før det blir gjort vedtak om å setja i gang spesialundervisning, skal det innhentast samtykke frå deltakaren. (opplæringslova § 5-4)

4. Sakkunnig vurdering.

Deltakarar som har rett på spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning etter § 4A-2 skal etter opplæringslova § 5-3 ha ei sakkunnig vurdering frå PPT. PPT skal utarbeida sakkunnig vurdering, og deltakaren skal involverast i prosessen.

Den sakkunnige vurderinga skal blant anna greie ut og ta stilling til: (§ 5-3)

- deltakaren sitt utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- lærevanskjar hjå deltakaren og andre særlege forhold som er viktige for opplæringa
- realistiske mål for deltakaren
- om ein kan hjelpe på dei vanskane deltakaren har innanfor det gitte opplæringstilbodet
- kva for opplæring som gir eit forsvarleg opplæringstilbod (innhald, organisering og gjennomføring)
- den sakkunnige vurderinga skal og seia noko om kor stort behovet for spesialundervisninga er
- omfanget skal vera i årstimar på à 60 min

Det skal vere utarbeidd sakkunnig vurdering som grunnlag for enkeltvedtak før tilbod om spesialundervisning for vaksne vert sett i verk. Det må også utarbeidast ny sakkunnig vurdering dersom endringar i den einskilde sine behov eller rammene rundt opplæringa gjev grunn for dette.

5. Enkeltvedtak.

Rektor fattar enkeltvedtak ut frå sakkunnig vurdering. Deltakaren har rett til å gjera seg kjent med innhaldet i den sakkunnige vurderinga, og har rett til å uttala seg før det blir gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp/spesialundervisning. Informasjon om enkeltvedtaket skal gjevest i eige møte mellom rektor og deltarar.

Kopi av enkeltvedtaket skal sendast fagstab oppvekst.

Krav til enkeltvedtaket

- vedtaket må seia noko om deltakaren sitt behov, og kva som er eit forsvarleg opplæringstilbod
- eit vedtak som berre dreier seg om omfanget av den spesialpedagogiske hjelpa/spesialundervisninga, er ikkje eit gyldig enkeltvedtak
- dersom enkeltvedtaket skil seg frå den sakkunnige vurderinga, har ein plikt til å rádføra seg med deltarar før ein utformar enkeltvedtaket. Det ligg også då føre ei særleg plikt til grunngjeving
- vedtaket skal seia noko om innhald, omfang og organisering av den spesialpedagogiske hjelpa/spesialundervisninga (det kan vera aktuelt å ta med gruppetilhørsle, særskilt lærarkompetanse, m.m)
- avvik får det ordinære opplæringstilbodet må koma tydeleg fram i enkeltvedtaket

WWW.TIME.KOMMUNE.NO



6. IOP

Alle som får spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova § 4A-2, § 5 -5 skal ha individuell opplæringsplan. (IOP) Planen skal visa mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast.

Før utarbeiding av eventuell ny sakkunnig vurdering, skal IOP evaluerast. Det skal utarbeidast ei skriftleg oversikt over opplæringa deltakaren har fått, og ei vurdering av utviklinga til deltakaren. Rapporten skal sendast til deltakaren og fagstab med kopi til PPT.

7. Interntilsyn

Fagstab oppvekst vil som del av kvalitetssystemet gjennomføra internt tilsyn av enkelte sakkunnige vurderingar/enkeltvedtak/ IOPar for å sjå på samanheng mellom desse.

Rutinar ved spesialpedagogisk hjelp på grunnskulen sitt område etter §4A2- andre ledd

§4A-2-andre ledd

Vaksne som har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande dugleik, har rett til slik opplæring

«Det er to steg i vurderinga av retten til spesialundervisning og kva slags opplæringstilbod den vaksne skal ha:

1. Vurdere om den vaksne har særlege behov for opplæring for å kunne utvikle eller halde ved like grunnleggjande ferdigheiter (§ 4 A-2 andre ledd)

2. Avgjere kva opplæringstilbod den vaksne skal ha dersom det viser seg at han eller ho har rett til spesialundervisning (§§ 4 A-2 tredje ledd og 5-1 andre ledd andre punktum) – forsvarleg utbytte.

Vaksne som har særlege behov for opplæring i grunnleggjande ferdigheiter for å fungere i samfunnet, mellom anna i daglelivet, har rett til slik opplæring. I denne samanhengen dekker grunnleggjande ferdigheiter:

- ADL-trening (opplæring i daglege gjeremål)
- grunnleggjande kommunikasjonsferdigheiter
- grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter
- motorisk trening og liknande.

Den vaksne skal i utgangspunktet få opplæring i grunnleggjande ferdigheiter gjennom fag. Det inneber at dei grunnleggjande ferdighetene blir knytte til læreplanar for fag, og at det blir fastsett individuelle opplæringsmål for den enkelte på bakgrunn av kompetansemåla. » *veilederen Udir*

Dersom behovet er opplæring for å utvikla eller halda ved like grunnleggjande ferdigheiter gjennom fag.

(ikkje behandling, aktivering, rehabilitering, opptrening, tilsyn eller anna)

Rektor ved Bryne kompetansesenter utformar enkeltvedtak på bakgrunn av sakkunnig vurdering, og det skal gis spesialundervisning til innbyggjarar som har behov for å utvikla eller halda ved like grunnleggjande ferdigheiter gjennom fag som Bryne kompetansesenter tilbyr på dagtid eller via netttilbod.

Dersom behovet er hjelp av logoped:

Kortsiktig logopedbehandling på inntil 25 t, fell inn under helse og omsorgstenestelova §3-1

- Time PPT mottek søknad frå tilvisande instans
- Logoped starta behandling på bakgrunn av tilvisinga og fører logg.
- Logoped skriv ein kort sluttrapport til klient.

Langvarig opplæring utover fase 1, kjem inn under oppl. §4A-2.

Vurdering av behov

Logoped vurderer behov ut frå rapport etter brukte 25 timer saman med brukar og tilviser til PPT om ytterlegare behov.

Rett til å søkja.

Logopedhjelp kan inngå som ein del av det spesialpedagogiske tilbodet, uavhengig av kva som følgjer av enkeltvedtaket om spesialundervisning.

WWW.TIME.KOMMUNE.NO



Sakkunnig vurdering.

PPT skriv sakkunnig vurdering på bakgrunn av rapport og sender til fagstab oppvekst.

Enkeltvedtak.

Fagstab oppvekst fattar enkeltvedtak, og sender til brukar og PPT.

IOP

Logoped utarbeider IOP i tråd med Udir sin mal for spesialundervisning for vaksne §4A-2 og skriv evaluering. Evaluering blir sendt til brukar med kopi til fagstab.

Dersom behovet er hjelp av synspedagog:

Kortsiktig synspedagogbehandling på inntil 25 t

- Time PPT mottek søknad frå tilvisande instans
- synspedagog startar behandling på bakgrunn av tilvisinga og fører logg.
- synspedagog skriv ein kort sluttrapport til klient.

Langvarig opplæring utover fase 1, kjem inn under oppl. §4A-2.

Vurdering av behov

Synspedagog vurderer behov ut frå rapport etter brukte 25 timer saman med brukar og tilviser til PPT om ytterlegare behov.

Rett til å søkja.

Synspedagogisk hjelp kan inngå som ein del av det spesialpedagogiske tilbodet, uavhengig av kva som følgjer av enkeltvedtaket om spesialundervisning.

Sakkunnig vurdering.

PPT skriv sakkunnig vurdering på bakgrunn av behovet og sender til fagstab oppvekst.

Enkeltvedtak.

Fagstab oppvekst fattar enkeltvedtak, og sender til brukar og PPT.

IOP

Synspedagog utarbeider IOP i tråd med Udir sin mal for spesialundervisning for vaksne §4A-2 og skriv evaluering. Evaluering blir sendt til brukar med kopi til fagstab.

Innbyggjarar som ikkje er deltagarar ved Bryne kompetancesenter

Innbyggjarar som ikkje er deltagarar ved Bryne kompetancesenter skal ta kontakt med Teneste- og samordningskontoret tlf. 476 08 160 (bemanna kvardagar frå kl. 08- 15) som vil vurdera om saka omhandlar omsorgstenester eller opplæring. Ved opplæring blir saka tilvist PPT.



Skjematiske oversikt §4a- 2 første og andre ledd.

§4A2, første ledd

Oppgåver	Ansvar	Tidspunkt
Informasjon om §4a- første og andre ledd - må liggja på BKS og Time kommune sine heimesider	Rektor/ fagstab oppvekst	kontinuerleg
Evaluering og gjennomgang av kva deltagarar som har rett på spesialundervisning etter §§ 4A -2, 5.1, og kven som kan få hjelpe innanfor det gitte opplæringstilbodet.	PPT, rektor	kontinuerleg
Søknadar - gjeld dei som skal ha ny sakkunnig vurdering.	Deltakar/rektor	fortløpende
Sakkunnig vurdering for deltagarar i vaksenopplæringa.	PPT	fortløpende
Enkeltvedtak og skriftleg melding til deltagar. <i>Eige skjema for vedtak.</i>	rektor	fortløpende
IOP		
IOP for kjende deltagarar	Lærar	Juni
IOP for nye deltagarar	Lærar	fortløpende
Evaluering av IOP	Lærar	Før 01/12

§4A2, andre ledd

Oppgåver	Ansvar	Tidspunkt
Informasjon om §4a- første og andre ledd - må liggja på BKS og Time kommune sine heimesider	Rådgjevar oppvekst	kontinuerleg
Vurdering av behov	PPT	Heile året
Sakkunnig vurdering	PPT	Heile året
Tilvising og søknadar	Teneste- og samordningskontoret	Fortløpende
Sakkunnig vurdering	PPT	fortløpende
IOP	Synspedagog, logoped Pedagog/spesialpedagog/BKS	
IOP for kjende deltagarar	Synspedagog, logoped Pedagog/spesialpedagog/BKS	Juni
IOP for nye deltagarar	Synspedagog, logoped Pedagog/spesialpedagog/BKS	Fortløpende
Evaluering av IOP	Synspedagog, logoped Pedagog/spesialpedagog/BKS	Før 01/12

